



Hulda og Maria vil ha med seg 12-16 damer inn i eit kammerkor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Maria Malmsten, den nye dynamiske dirigenten for "Røysterett for alle", er ustoppeleg. No drar ho i gang eit "annleiskor" i Rosendal og hevdar med styrke at det ikkje vil bli ein spekkhoggar på Uskedalskoret. Målsettinga er å starta i februar.

Det er eit enno udøypt kammerkor det gjeld og det skal ha basen sin og vera eit slags huskor for Guddalshuset. Der er ei anna jente med blågul fortid ein av tre drivarar. Ho heiter Hulda Bohlin og kjem frå Bohuslän (medan Maria er frå ein annan tidlegare norsk provins – Jämtland).

Hulda er mellom mykje anna målar og songar og her er vi ved eit kjernepunkt for det nye koret: Det skal samla fleire kunstnarlege uttrykksformer. Maria har i mange år vore ein energisk forkjempar for ei slik sameining og Hulda seier det slik:

- Eg opplever det dagleg, eg ser musikk medan eg målar!

"Annleiskoret" skal ikkje vera stort, det ideelle er 12-16 damer.. Sjølv om basen blir i Rosendal, kan songarane rekrutterast frå alle kanter av Kvinnherad. Så langt har 10 songarar sagt seg interesserte i å bli med.

Initiativtakarane veit enno ikkje noko meir konkret om koret, det vil i høg grad bli forma av dei som blir med.

Sjølve korkonstruksjonen innbyr til stor kreativitet.

Til dømes veit dei heller ikkje noko om repertoaret, men det er ein kjent sak at Maria er svak for folkemusikk og renessansemusikk. Men ho vender heller ikkje tommelen ned for nyskreven musikk.

- Er du ikkje redd for å øydelegge for andre kor i Kvinnherad, som til dels slit tungt, spør uskedalen.no Maria.

- Nei, det er eg ikkje. Framfor alt må eg minne om at det ikkje er noko reint damekor frå før i denne kommunen. Og det manglar ikkje damer i dei kora vi har. Dessuten er det jo slett ikkje utelukka at nokon gjerne vil syngja i fleire kor.

Når det gjeld "Røysterett for alle", er det så solid etablert at eg ikkje er redd for utarming, svarar Maria.

Av Ola Matti Mathisen